



Nytilsette Dmitrii Kuzmin viste seg å vera ein sær s dyktig pedagog og kordirigent.

Det vart på mange måtar skrive eit kapittel i Kvinnherad si korhistorie i dag då omlag 25 korinteresserte møttest til korøving i Kvinnherad kulturskule sine lokale på Husnes. Songarane var frå 7 ulike land medan dirigenten Dmitrii Kuzmin er frå Russland. Koret er eit samarbeidsprosjekt mellom kulturskulen og Eining for integrering og opplæring, men det er ope for alle interesserte og skal øve kvar mandag framover.



Interesserte frå 7 ulike land fekk ei flott musikkøkt.

Samarbeidet om koret er kome i stand etter eit initiativ frå rektor i kulturskulen Kirill Zimin, og han seier at han er svært glad for den positive innstillinga som han møtte frå leiinga ved Eining for integrering og opplæring då han lanserte idèen. Han har stor tru på nyskapinga.

Det var nok både spenning og litt usikker forventning blant dei 25 som møtte til første samlinga. Blant dei var det også fleire som bur i Uskedalen. Underteikna var fluge på veggjen gjennom øvingsøkta på to skuletimar, og det var tydeleg både på ansiktuttrykka under øvinga og samtalanene i pausene at dette likte dei aller fleste svært godt. Økta vart brukt til grunnleggande musikkteori og innføring i korarbeid. Dette kan nok kanskje verka kjedeleg for utanforståande, men med særdeleles dugande og profesjonell leiing av Dmitrii Kuzmin, vart det slett ikkje det!! Ved hjelp av gode pedagogiske evner og piano, blokkfløyte, sang og sprell vart songarane engasjert og fekk ein rask gjennomgang som dei seinare vil få glede av. Det vi var vitne til tyder på at kulturskulen har trekt til seg ein ny kapasitet av høg klasse!



Grunnleggjande teori kjem godt med på seinare korøvingar.

Dmitrii Kuzmin byrja som lærar i kulturskulen i Kvinnherad ved siste årsskifte. Han har solid bakgrunn både som utøvande musikar, dirigent for kor, korps og symfoniorkester i fleire land. Siste tida hadde han jobb ved musikk-college i St. Petersburg. Han beherskar mange språk som m.a. tysk, italiensk og engelsk i tillegg til morsmålet. No er han i gang med norskopplæring og håpar det skal gå kjapt. Han beherskar ulike instrument, men hovudinstrumentet hans er tuba. Kormedlemene vart imponerte då han i undervisninga gav dei ein smakebit på tubaspel i **A little drummer boy**. Himla med augene gjorde dei og då han briljerte på blokkfløyte. Men aller viktigast i denne samanhengen var det at han viste seg som ein særdeles god pedagog som fekk god kontakt med elevane sine. Det vil også kome elevane her i Uskedalen til gode. Kvar onsdag underviser han nemleg kulturskuleelevar her i bygda.

Det vert interessant å følgja det internasjonale koret framover. Mellom dei mange som var svært fornøgde etter første økta, var også Karim som bur i Myro her i Uskedalen. Han er opprinneleg frå Syria, og er svært interessert i det som har med song og musikk å gjera. Mange uskedelingar har sikkert lagt merke til at han ofte er blant publikum når det er konsertar her i bygda m.a. i kyrkja. Karim syntes det hadde vore veldig kjekt på øvinga, sjølv om han akkurat no hadde problem med halsen. Han kunne fortelja at interessa for musikk hadde han med seg frå Syria, og der har han også ei dotter som jobbar som musikk-lærar og dirigent.

Karim og dei andre ser no fram til neste øving, og kulturskulerektor Kirill Zimin seier at det er plass til fleire i koret. Alle som er interessert, kan ta kontakt med han på kulturskulen enten på email eller telefon. Øvingane vert kvar mandag frå kl.12.30 til 14.15 med ein kvarters pause midt i. Koret er eksempel på eit godt tilbod til innbyggjarane i kommunen som har blitt til gjennom konstruktivt og godt samarbeid mellom to einingar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland